


ÅRSMELDING 2024

Knarvik sokneråd



Godkjent av Knarvik sokneråd 17.02.2025

1. STRATEGIPLAN FOR KNARVIK SOKN

Strategiplanen vart vedteke av soknerådet i januar 2021 og er sak på soknerådsmøte og stabsmøte kvart år:

Visjon:

Kyrkja vår – ei bru mellom folk og tru.

Målsetting:

Vi ønskjer ei kyrkje

- der trua på Gud kan vekse
- med gode møteplassar der alle kan kjenne seg velkomne
- med eit variert kulturtilbod

Tiltak:

I perioden 2020-2023 ønskjer vi å prioritere:

- Fleire familiegudstenester i Knarvik kyrkje, 10 i året.
- Kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenestene
- Søndagsskule/Juniorgruppe i Knarvik ein gong pr. måned
- Leikerom/-krok, leikekasse
- Etablere tilbod for tweens
- Etablere minst eit tilbod for ungdom i løpet av perioden
- Etablere onsdagsmiddagar i Alversund og Knarvik – med trusopplæringstiltak
- Etablere kyrkjelydsutval, arrangementskomité og praktisk komité
- Arrangere bibeltimar/temakvelder for vaksne 2-3 gonger pr. semester
- Rekruttere frivillige medarbeidarar, særleg til gudsteneste og barne- og ungdomsarbeid
- Samling/kurs for frivillige medarbeidarar på gudstenester våren 2021

2. KNARVIK SOKNERÅD pr 31.12.24

Hildur Løkken Lillestøl	Leiar
Svein Arne Hatlevik	Nestleiar
Helge Haugland	Representant Alver kyrkjelege fellesråd
Monika Bøkevoll Aarland	Vararepresentant Alver kyrkjelege fellesråd
Arthur Fondenes Kleiveland	Medlem
Birte Therese Nilsen	Medlem
Håkon Glatved-Prahl	Medlem (ny nestleiar i 2025)
Karoline Vemøy Sundsbø	Medlem
Kåre Jordal	Medlem
Margrethe Myksvoll	Medlem
Berge Toppe	1. vara
Åge Clausen	2. vara
Rune Landsvik	3. vara
Lillian Berentsen	4. vara
Mona Langenes	5. vara
Cathrine Grutle	Geistleg representant
Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn	Vara for geistleg representant

Arbeidsutvalet, som består av leiar, nestleiar og sokneprest, har hatt møte i forkant av kvart soknerådsmøte.

Saker som soknerådet har jobba med i 2024:

- Bemanningsplan i Alver kyrkjelege fellesråd.
- Medlemmar til komitéar og utval, mandat.
- Kyrkjebruksplan i Alver kyrkjelege fellesråd.
- Fjon Fjellkyrkje – ny organisering og innmelding.
- Høyring: Biskopens tilsyn.
- Alversund kyrkje: Søknad om å ta ut benkar og erstatte piano med flygel.
- Strategiplan.
- Jubileumsmarkering Knarvik kyrkje 10 år.

3. DEI TILSETTE MED TENESTE I KYRKJELYDEN 2024

Bjørn Furukawa	Kyrkjetenar	100 % stilling
Cathrine Grutle	Sokneprest	100 % stilling
Eirun Bjotveit Fonneland	Kyrkjelydspedagog 80 % 20 % betalt av soknerådet	80 % + 20 %
Nina Jenny T. Monstad	Kateket	80 % stilling + 20 % frå 01.09
Odd Leif Mjøs	Kantor	100 % stilling
Synnøve Bjørndal	Dagleg leiar og prostesekretær	80 % + 20 %
Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn	Spesialprest	100 % stilling
Bente Cathrine Sørheim Vetvik	Vikar for kyrkjelydspedagog frå 20.08.24	50 % stilling
Hildur Løkken Lillestøl	Vikar – leiar for Fredagsklubben	timeliste

Eirun Bjotveit Fonneland var delvis og heilt sjukemeldt i 2024. Ho sa opp stillinga rett før nyttår. Fleire har vore inne som vikar. Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn har teke hovudansvar for konfirmantarbeidet for 2024/2025-kullet. Nina Jenny Monstad har jobba 20 % ekstra frå 1. sept. Hildur Løkken Lillestøl har vore engasjert som leiar for Fredagsklubben frå hausten 2024.

Soknerådet har engasjert 4 ungdomar som medhjelparar på KyrkjeGym og Fredagsklubb.

Magne Bjørndal er prostiprest/seniorprest i 50 % stilling i prostiet. Prost Helge Taranrød har kontorplass i Knarvik kyrkje.

4. STATISTIKK

	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Gudstenester søn- og heilagdag	81	78	90	102	95	89	91	96	96
Gjennomsnittleg frammøte	106	94	73	49	64	124	124	127	128
Gjennomsnittleg nattverddeltaking	45	45	41	30	50	56	66	61	55
Dåp	62	69	69	63	59	71	57	84	73
Konfirmantar	89	71	62	89	74	67	84	70	76
Vigsler	14	10	16	10	14	15	17	16	8
Gravferder	61	56	48	54	49	63	45	59	62
Innmelde	10	10	5	6	1	5	4	3	3
Utmelde	27	26	23	25	23	30	15	31	51

Som de ser av statistikken er det også i år auke i det gjennomsnittlege frammøte på gudstenestene våre. Det er veldig gledeleg. Viss vi går meir detaljert inn i statistikken ville vi sett at oppmøte rundt julegudstenestene har hatt ein sterk auke. Det vil framleis ta litt tid før vi er tilbake på pre pandemital, men pilane peikar i rett retning.

Noko av grunnen til at fleire kjem på gudsteneste i Knarvik sokn, kan vere det gode arbeidet som vert gjort med både familiegudstenester og søndagsskole.

5. GUDSTENESTER

Alle menneske er velkomne til gudsteneste i Knarvik sokn. Gudstenesta er kyrkjelyden sitt pulsslag som gir rom for heile livet, i glede og i sorg. I gudstenestene våre deler vi tru og undring, bøn og tilbeding. Vi er alle forskjellige og treng ulike måtar å møte Gud på. I Knarvik sokn kan vi gå på gudstenester med dåp og nattverd, familiegudstenester, kvardagsgudstenester i Alversund eller kveldsgudstenester i Knarvik kyrkje. Kanskje er vi mest glad i musikken eller salmane, i liturgien som vi kan kvile i, eller orda som spenner frå tekstlesing til preike og forbøn. Det at vi tenker og opplever ulikt er ein styrke i trusfellesskapet vårt.

I gudstenesta tilber vi Gud, men vi finn òg fellesskap med andre menneske som i større eller mindre grad identifiserer seg som kristne. Vi treng kvarandre for å dele tru og undring, klage og takk, bøn og tilbeding. Vi er eit godt fellesskap og håpet for framtida er at fleire vil finne ein plass i Guds kyrkje på jorda, avdeling Knarvik sokn.

Solidaritetsgudsteneste

Det har vorte ein årleg tradisjon at Knarvik kyrkje arrangerer Solidaritetsgudsteneste i samarbeid med KnarvikMila. I 2024 var gjesten Arnold Matre, dagleg leiar ved Bjørn Westmuseet på Matre. Tema var: «Menneskeverd i krig og konflikt: Vår lokale historie, notida og framtida sett i samanheng». Det vart ein fin samtale om eit viktig tema. Andreas Westermoen med band spelte, og det vart ei fin stund i kyrkja.

Andaktar på sjukeheimen

I tillegg til gudstenestene våre har vi andakt på Knarvik sjukeheim kva 14. dag. Prest og kantor alternerer mellom å besøke to avdelingar. Oppmøtet på sjukeheimsandaktane varierer. Dei som kjem set særleg stor pris på musikken. Ved behov besøker vi dei som ikkje kjem seg ut på andakten og har ei kort andaktsstund med enkeltpersonar.

KVARDAGSGUDSTENESTER I ALVERSUND

Kvardagsgudstenestene som starta opp i Alversund i 2023 vart vidareførte i 2024.

Den andre måndagen i månaden, kl. 14:00, har det vorte arrangert 9 gudstenester gjennom året.

Til saman møtte det fram 231 personar, eller eit snitt på 25,6 deltakarar kvar gong. Det er ein auke i frammøtte på 9,4%. Den best besøkte gudstenesta hadde 35 deltakarar, og på den minst besøkte deltok 18 personar.

Gudstenestene har vore i kyrkjelydshuset for å spare straum.

Tidspunktet, midt på dagen, tilseier at det i hovudsak er pensjonistar som har høve til å møte fram. Vi ser at det kjem folk frå heile soknet, og innimellom også frå Meland og Radøy.

I forlenginga av gudstenesta er det alltid ei sosial samling med kyrkjekaffi.

Før gudstenesta startar har det dei fleste gongane vore invitert til å delta i eit lite fysisk tiltak frå kl. 12:30. Ein trimtur i nabolaget i Alversund, kalla KYRKJEGANG. Det er Kåre Jordal som har leia desse turane, og ein liten flokk har vore med, stort sett kvar gong.

Ein flokk pensjonerte prestar har veksla på å forrette, og ein fast pianist, Rune Landsvik, har spela så og seie kvar gong. Nokre damer står for kyrkjekaffien.

Kvar gong vert det samla inn pengar til å dekkje utgifter for kyrkjelydshuset.

Kvardagsgudstenestene vert gjennomførte ved at alle som medverkar gjer det på dugnad. Også prestetenesta og musikartenesta.

Gudstenestene har vore utan nattverd. Det hadde vore fint med tilbakemelding på om vi bør endre på det. Kanskje ved å flytte over i kyrkja, f.eks. på annakvar gudsteneste?

6. KNARVIK KYRKJE 10 ÅR

Første søndag i advent er Knarvik kyrkje sin bursdag.

I 2024 var det tid for å feira 10-års jubileum.

Jubileumskomiteén sette som mål at dette skulle

feirast gjennom heile året og speila det spekteret av aktivitetar som er i gang. For å markera kva arrangement som også var jubileum, vart det laga ein eigen logo med silhuett av kyrkja og formål: «For heile mennesket».

Oppstart vart lagt til medarbeidersamlinga i mars der Helge prost innleia til samtale om tema «frivilligheit som byggestein i kyrkjelyden». Siste helga i april var det kyrkjelydstur til Alværa og i mai var 10-åringane på barneskulen inviterte til bursdagsfeiring. I mai var det også både Jacob Sande-kveld med prost Leif Endre Grutle og kantor Odd Leif Mjøs og seinare internasjonal dag i kulturkaféen. I september hadde kyrkja stand på Knarvikmila og i oktober var Markusevangeliet tema «Vers for vers». I november hadde Alversund kammerkor salmekveld og Knarvik gospel hadde konsert.

Dagen før dagen var det familiedag i kyrkja. Knøttekoret starta opp med konsert i kyrkjerommet og soknepresten hadde ein samtale med ordførar Sara Sekkingstad, som fortalde at ho som liten hadde sunge i kor og sunge dei same songane som Knøttekoret



framførte, før festen fortsette med kafé og åresal på Petersplassen. Etterpå fortalde m.a. biskop Ole D. Hagesæther om altertavla i kyrkja, med musikalsk innramming av Rune Alver. Søndag 1. desember var det jubileumsgudsteneste med biskop Ragnhild Jepsen. Etterpå var det kyrkjekaffi og tid for helsingar til jubilaranten. Varaordførar Nina Bognøy helsa frå kommunen og slo fast at kyrkja er ein sprek og livskraftig tiåring som skal romma livet.

7. MELDING OM ARBEIDET

7.1. TRUSOPPLÆRINGSTILTAK

Dei aktive breiddetiltaka i trusopplæringsplanen fungerer godt, sjå oversikta nedanfor. Me har ikkje sett i gong med å utvide talet på breiddetiltak då me per no ikkje har ressursar til det. Me er i gong med å jobbe meir aktivt for fleire frivillige medarbeidarar også i denne samanhengen, men arbeidet har så vidt begynt.

Det er veldig kjekt å stadig erfare at «grunnmuren» for barn, unge og familiar i kyrkjelyden fungerer, f.eks Fredagsklubben, familiegudstenester, søndagsskulen og samarbeidet med barnekora og speidaren. Det er avgjerande viktig at barna som kjem på trusopplæringstiltak, også blir invitert inn til desse faste samlingane i kyrkjelyden.

Trusopplæringsutvalet har vore viktig samtalepartner, og ei kritisk, konstruktiv røyst til trusopplærarane dei siste sju åra. Utvalet hadde sitt siste møte hausten 2024, men dei som sat i trusopplæringsutvalet blir med vidare i utval for barn og ungdom, jamfør soknerådet.

Aktive breiddetiltak i 2024:

0 - 2 år: **Babysang**; Annankvar måndag om formiddagen i skuleåret. 32 babyar gjekk på babysang i 2024.

1 - 3 år: **KyrkjeGym**; Fri leik, hinderløype, kort bibelsamling og evt matpakkekvelds. Annankvar torsdag i vinterhalvåret, 37 born. Ungdomane som får betalt for å lage til, vere med barna og rydde etterpå, fungerer veldig godt!

4 år: **Mi Kyrkjebok**; 4-årsboka blei delt ut på familiegudsteneste i Knarvik og i Seim/Lygra.

8 år: **Tårnagenthelg**; 8-åringane vert inviterte til mysteriejakt i kyrkja laurdag, og familiegudsteneste søndag, 23 juniorar.

11 år: **Lys Vaken**; Lys Vaken er bu-heime-leir i kyrkja laurdag og søndag, og me avsluttar med familiegudstenesta søndag, 9 juniorar. Ungdommar var ein viktig ressurs under Lys Vaken i år også.



7.2. KONFIRMANTARBEIDET

Våren 2024 var 89 konfirmantar konfirmerte i Knarvik sokn. Dei har hatt eit år med undervisning, der det i haustsemesteret (2023) var gruppesamlingar: To friluftslivgrupper, éi lyd- og musikkgruppe og éi Q&A-gruppe. Kvar gruppe hadde fire samlingar i haust. Vinteren 2024 var friluftslivgruppene på leir på Fjon Fjellkyrkje, ei gruppe fredag – laurdag, ei laurdag

– søndag. Fine leirar der ungdomane fekk oppleve det å vera på leir, undervisning om tru, og erfara å meistra bålaging i høljeregn!



Dei to andre gruppene hadde «bu-heime-leir» i Knarvik ein laurdag til søndag i februar. Det er ikkje ideelt med ein slik type leir, men det var det me hadde ressursar til i 2024. Mål for 2024-2025-konfirmantane er at dei får reisa på leir alle saman.

Det var sorgseminar i starten av februar der gravferdsbyråa i Nordhordland var inviterte, slik som i fjor. I 2024 var det Nordhordland begravelsesbyrå som kunne, og det vart ei fin stund.

Konfirmantane deltok på Konfirmantfestivalen for konfirmantar i Nordhordland i april.

Konfirmasjonsgudstenestene vart fine opplevingar og det har kome mange gode tilbakemeldingar på desse.

Evaluering frå føresette og konfirmantar viser litt rot med informasjon i starten av kullet (vår og haust 2023), men at ting betra seg i 2024.

For 24/25-kullet kom me godt i gang med planlegging på vårparten og fekk ut god informasjon tidleg. Ein har gjort småendingar i gruppene, og gjekk over til: Idrettsgruppe (har hatt idrett på 7-arbana til NBK/Alver kommune), friluftsliv og Q&A. Kvar gruppe har hatt fire samlingar. Det er Bente Cathrine Sørheim Vetvik og Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn som har hatt hovudansvar. I tillegg har Nina Jenny T. Monstad vore med på Q&A-gruppa, og Sunniva Osland Øvretveit har vore med på idrettsgruppa. Ein frivillig ung vaksen har vore med på idrett- og friluftsgruppene – det har vore til stor hjelp!

7.3. LEIARTRENING FOR UNGDOM

Det har vore felles leiartrening for ungdom i Knarvik, Meland, Lindås og Osterfjorden sokn. Det er godt å jobba saman om dette! Det starta opp hausten 2023, og våren 2024 var det to jenter frå Knarvik sokn som deltok saman med ungdom frå dei andre sokna. Eit av måla var ein tur til London juni 2024. For å nå dette målet jobba ungdomane med å planleggja, førebu og gjennomføra ein basar i Knarvik kyrkje. Det var stor suksess og full Petersplass – tusen takk til alle som støtta og heia på ungdomane! Dei to lokale ungdomane hadde i tillegg eit enkelt lotteri på ein kyrkjekaffi i Knarvik kyrkje. Turen til London vart kjekk for dei fire ungdomane og to vaksne som reiste. Dei såg «Les Miserables», var innom ulike kyrkjer og arrangement, og vitja Sjømannskyrkja (som biletet er frå).



7.4. SAMARBEID BARNEHAGE – SKULE – KYRKJE

Me har eit tett og godt samarbeid med barnehagane og skulane i soknet vårt, noko me har jobba målretta mot, og set veldig stor pris på. Kvar haust inviterer kyrkja til brunsj for rektorane, der me pratar om samarbeidet og blir betre kjend. Me forstår dette er eit positivt møtepunkt for både skulane og kyrkja. Gjennom 2024 har me hatt Bibelquiz for 5. klassane på skulane, Påskevandring for 3. klassane i deira lokale kyrkje, og Undervisning om dei kristne overgangsrituala for 6. klassar i deira lokale kyrkje. I tillegg har me møtt ulike klassar på vidaregåande for å snakka om sorg, død, gravferder m.m. Cathrine har undervist for nokon på Knarvik vidaregåande, og Tone Marit for nokon på Austrheim vidaregåande.

Før jul var det julevandring for barnehagane. Alle barnehagane i Knarvik sokn kjem, og vel 350 barn var innom Knarvik kyrkje desse dagane. Det var skulegudstenester i Alversund, Seim og Knarvik kyrkje for barneskulane der. Det vart ikkje skulegudsteneste for Knarvik ungdomsskule i år, av gode grunnar. Me jobbar mot å få det på plass i 2025.

I 2024 inviterte i tillegg Knarvik kyrkje 10 år, det me trudde var 10-åringane i nabobygget Knarvik barneskule, til bursdagsfeiring i kyrkja.

7.5. ANDRE TILBOD TIL BORN OG UNGE

Søndagsskule

Det har vore søndagsskule litt mindre enn ein gong per måned i Knarvik kyrkje. Sett i samanheng med familiegudstenestene, som også er ein gong per måned gjennom skuleåret, er det tilbod til barn og juniorar jamleg. I snitt kjem det ca 12 born på søndagsskulen kvar gong. Barna har si eiga gudstenestesamling i kapellet, med lystenning, søndagsskulens truvedkjenning, bibelfortelling, forbøn og velsigning. Etter samlinga er det aktivitetar på kyrkjeterget og leik i tårnrommet.

Fredagsklubb

Fredagsklubben hadde 6 samlingar i vårsemester og 8 samlingar frå 23. august til 6. desember. Det var få deltakarar som møtte opp. I september vart det sendt ut invitasjon til alle medlemmer i aldersgruppa 5.-7. klasse. Etter invitasjonen har det møtt mellom 35 og 50 barn.

Vi har jobba fram eit opplegg og ein struktur som gir innhald og forutsigbarheit for barna, foreldra og leiarane. Dette er eit viktig arbeid for ei svært viktig aldersgruppe som krev godt med ressursar på alle måtar (økonomi, planlegging og medhjelparar). Vi gler oss over at Fredagsklubben blomstrar!

KFUK/M-speidarane

KFUK-KFUM-speidarane Alversund er rundt 70 aktive speidarar, dvs born og ungdommar i alle klassesetrinn, 1.-10. klasse. I tillegg er foreldre engasjerte, og mange leiarar tar ansvar for samlingane i dei ulike samlingane. Speidargruppa er ei av dei største i Vestland fylke. Dei fem viktigaste verdiane for KFUK-KFUM-speidarane er kristen tru, friluftsliv, personleg utvikling, fellesskap og samfunnsengasjement.

7.6. KOR-ARBEID

Knøttekoret

I løpet av året 2024 har det vore ca 90 barn innom Knøttekoret. Det er 40-45 barn i gjennomsnitt på kvar øving. I tillegg til borna er det minst med ein vaksen pr barn, men gjerne fleire, både foreldre, besteforeldre og søsken.

Vi har hatt 18 øvingar dette året, inkludert to avslutningar der slekt og venner var invitert. Vi har og deltatt på Knarvik kyrkje si 10 årsmarkering.

Knøttekoret er for førskulebarn frå 2-3 år. Det krev struktur, variasjon og aktivitet for å engasjere så mange små born. Vi har ei fast ramme med sang, aktivitet med Shelly (maskot) og avslutning med kort bibelhistorie og kveldssang.

Sing Singeling

Det har vore i snitt 15 barn på øvingane, og vi har hatt 25 øvingar. Det siste halvåret har talet på besøkande på øvingane auka.

Vi har delteke på familiegudsteneste, jubileumsgudsteneste, sunge på basar, og arrangert vårkonsert 6. juni og julespel 18. desember. På arrangementa var det om lag 150 i publikum. På øvingane har vi sunge, dansa, spelt teater, høyrte bibelforteljingar, spelt rytmeinstrument, hatt karneval, leikt ringleikar ute, og ete kvelds saman.

SingOut

Det har vore i snitt 15 barn på øvingane, og vi har hatt 38 øvingar. Talet på besøkande på øvingane har vore stabilt, og gruppa har hatt godt oppmøte.

Vi har delteke på familiegudsteneste, jubileumsgudsteneste, sunge på basar, og arrangert vårkonsert 6. juni og julespel 18. desember. På arrangementa var det om lag 150 i publikum. På julespelet hadde alle kvar sine roller og replikkar. Vi hadde scenografi og store kulisser. Alle fekk kvar sine kostymar. Julespelet krevde ekstra øvingar, som varte lengre enn ei vanlig korøving. Barna fekk servert middag og frukt på desse øvingane. Foreldre hjalp til med servering.

På øvingane har vi sunge, dansa, spelt teater, høyrte bibelforteljingar, spelt rytmeinstrument, hatt karneval, leikt ringleikar ute, og ete kvelds saman. Vi reiste på leir i Fjon Fjellkyrkje 13.-14. januar.

Knarvik Gospel

Knarvik Gospel har hatt eit aktivt år med konsertar, korkafé med besøk av koret Felix, samt deltaking på gudstenester. Vi har deltatt på Songkveld på Konglevoll bedehus. I anledning Knarvik kyrkje sitt 10 årsjubileum og koret sitt 12 årsjubileum, arrangerte vi jubileumskonsert der også tidlegare kormedlemmer blei inviterte til å delta i koret. På konserten deltok også Stine Karin Sæle og Ove I.B. Danielsen. Da konseptet «Vår Jul» med diverse artistar hadde konsert i kyrkja, deltok også Knarvik Gospel. I 2024 var vi 30 medlemmer og vi øver annankvar torsdag i Knarvik kyrkje.

Alversund kammerkor

Koret øver ein gong per veke gjennom året. I 2024 har vi hatt ulike framføringar; vårkonsert saman med koret Sola Fide i Knarvik kyrkje, salmekveld i Knarvik kyrkje, deltaking på gudstenester i soknet der vi song som kor og i forsongargrupper, deltaking på gudsteneste i Os kyrkje, framføring av Juleoratoriet av Bach 15. desember. I tillegg har koret hatt øvingar til konsert i april 2025, saman med Seim songkor.

7.7. KONSERTAR/KULTUR

Det var 35 konsertar i kyrkjene våre i løpet av 2024, av desse var det 24 utleigekonsertar. I tillegg kjem korkafé og ein konsert i kyrkjekjellaren i Knarvik.

Det har blitt ein tradisjon at året startar med nyttårskonsert med Meland Musikklag og Sjøforsvaret musikkorps og ein eller to nyttårskonsertar arrangert av Norges korforbund. Erfaring bviser at dei fleste eksterne aktørar t.d. Edvard Grieg Vokalensemble og OratorieSolistene samlar få tilhøyrarar. Dei set likevel pris på å få synge i det gode kyrkjerommet vårt.

I november/desember var det fleire store konsertar: "Dag for dag" med Jon Martin Skauge og «Vår jul» med Torstein Sødal, Maria Arredondo m.fl. Nytt av året var "Syng Med til jul" med Astrid Aarhus Byrknes, "Syng Med"-koret for personar med demenssjukdom og pårørande, og Eikanger-Bjørsvik Musikklag.

I Lygra kyrkje var det konsert med Amalie Duesund og Rune Alver i august. I Seim kyrkje var det tradisjonen tru julekonsert m/ Seim musikklag og «Julenatt» med Seim Songkor.

Alversunddagane opna med gudsteneste i Alversund kyrkje og fredagskvelden var det Cash-messe. Gruppa som arbeider for å få flygel i Alversund kyrkje, arrangerte demo-konsert i slutten av oktober.

I løpet av eit år har vi fleire faste utleigearrangement i Knarvik kyrkje: Trafikksikkerheitsaksjon for russen, Pensjonistseminar (Knarvikmila), seminar i samband med Ungdomsmila og Det Norske Misjonsselskap har misjonsmesse i november. Knarvik vidaregåande skule ahr avslutning før jul med to konsertar for å få plass til alle elevane.

Stand på Knarvikmila

I 2024 som i 2023 stod Knarvik sokn på stand i Nordhordlandshallen under KnarvikMila. Det er skikkeleg kjekt og har etablert seg som ein god arena for å visa fram det mangfaldige og gode arbeidet som skjer i kyrkja/soknet vårt. I 2024 lånte me Bergen Kirkelige Fellesråd si raude, lille campingvogn som blikkfang, og hadde ein flott stand med hinderløype og leikar, lystenning, popcornmaskin og meir til. Kjekt og viktig at kyrkja viser seg fram på denne folkefesten.

I tillegg kan det nemnast at eit prestelag deltok i stafetten fredag i KnarvikMila – det vart lagt merke til og applaudert, inkludert i følgjande humoristiske helsing over høgtalaranlegget då prestane sin siste løpar kom i mål: «Her kjem prestelaget i mål – fred vere med dykk!»



7.8. KYRKJEKLUBBEN

Kyrkjeklubben har hatt 10 klubbkveldar i 2024. Det kjem vanlegvis 15-20 medlemmer på samlingane, og ca like mange følgjepersonar. Me opplever at det er mange som kjem fast på samlingane, men det dukkar stadig opp nye folk som har blitt klar over at tilbodet finst. Det kjem ofte tilbakemeldingar frå dei som følgjer, at tilbodet er viktig.

7.9. KULTURKAFÉ

Kulturkaféen hadde fire samlingar i vårsemesteret og fire samling i haustsemesteret. Det møter gjennomsnittleg 50 personar på samlingane. Året starta med Julefest for alle i Alver, der kulturkaféen var medarrangør. Om lag 230 deltok på festen. I juni var det stor Sommarfest for alle i Alver med mat frå mange land. Hovudrett var kurdisk, grilla kylling med ris.



På programmet sto musikkinnslag frå Ukraina, catwalk med presentasjon av nasjonaldrakter, ukrainsk dans og tysk polonese. Rundt 100 glade festdeltakarar var med på dette. Vi har òg hatt aktiv kontakt med og hjelp av ei gruppe med 10 ukrainske ungdommar i vårhalvåret.

7.10. KYRKJELYDSTUR TIL ALVÆRA MISJONSSENTER

Det var spennande å invitere til kyrkjelydstur til Alværa, for det var noko vi ikkje hadde gjort tidlegare. Vi ønskte å samle folk frå kyrkjelyden til eit døgn med fellesskap og relasjonsbygging. Alle aldrar var representerte og vi hadde sporløp, konkurransar, leikar og fjelltur for dei sprekaste. Det var gode samtalar rundt borda og vi koste oss med god mat. Det som starta som ei kort kveldssamling, utvikla seg til ei fin sangstund der alle kunne ønske seg favorittsongen sin. På søndag feira vi gudsteneste saman, som verkeleg inkluderte både store og små. Mange av oss syntest dette var så flott at vi allereie då begynte å glede oss til neste års kyrkjelydstur.

7.11. FREDAGSKAFFI I ALVERSUND

I 2024 vart det halde Fredagskaffi 6 gonger og med god oppslutnad. Me har hatt ulike gjestar m.a. var Kåre Mestad med og fortalde litt om seg og om sitt presteliv. Kåre og Ingunn Mestad var sentrale i Fredagskosen i mange år. Komiteen vart i året utvida med Ingebjørg Palmesen og elles er Bjørn Hjørnevik, Rakel Valle og Torunn Øyri Jordal med, Rune Landsvik har vore gjestemusikar.

7.12. KYRKJEMIDDAG

Kyrkjemiddag er eit tilbod om å koma saman, på kryss og tvers av aldersgrupper og livssituasjonar, for å eta middag saman. Etter middag er det Ord for dagen, enkel dessert, og god prat over kaffi-/tekoppen. Leikar blir sett fram til barna. Isolert sett er kyrkjemiddag eit veldig godt samlingspunkt i kyrkja, med fast struktur og fleire frivillige som er med. Oppmøtet er på ca 20 personar kvar gong. Det er ei utfordring at me må kjøpe mat, for då blir prisen for kyrkjemiddag mykje høgare enn me ønskjer.

7.13. SORGGRUPPE

Frå diakon Gudveig Kartveit Sundsbø:

I 2024 var det ikkje sorggruppe, men me starta prosessen med å starte opp ny gruppe. Me hadde fleire samtalar, og har lagt alt til rette for å starte opp på nyåret 2025.

Me har starta eit samarbeid med nyttilsett kreftkoordinator i kommunen. Sorggruppa er eit tett samarbeid med kyrkja og kreftkoordinator.

7.14. MISJONSPROSJEKT

Kyrkjelyden i Seim har avtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) om å støtte eit misjonsprosjekt i Etiopia. Kyrkjelyden i Alversund/Knarvik støttar eit NMS-prosjekt i Estland. Soknerådet har oppretta eit misjonsutval.

7.15. FACEBOOK OG HEIMESIDE

Facebooksida «Knarvik kyrkje» har 1357 følgjarar. Facebook er ein viktig kanal for å koma i kontakt med kyrkjelyden og for å dela informasjon.

Seim kyrkje, Lygra kyrkje og fleire av aktivitetane i soknet er også på Facebook.

I tillegg har kyrkjelydane fleire Facebookgrupper, som Babysang, Knøttekoret osv.

Nettsida for Knarvik sokn har adressa www.kyrkja.no/knarvik.

Her kjem det informasjon, det er påmeldingsside til dåp, konfirmasjon, vigsel og enkelte arrangement og det er kalender med oversikt over aktivitetar.

8. UTVAL, NEMDER OG ANNA VERKSEMD I KYRKJELYDEN

8.1. KYRKJELYDSUTVAL

Det er oppretta kyrkjelydsutval i Alversund, Seim og Lygra. I Seim og Lygra har utvalet mellom anna ansvar for å finne medhjelparar til gudstenestene og føreslå offerføremål. I Knarvik har det vore ein arrangementskomité. I 2024 var det jubileumskomiteén som planla arrangement i løpet av året. Soknerådet vil opprette arrangementskomité frå 2025.

8.2. «ROSEPROSJEKTET»

Mange frivillige er med og deler ut blome og helsing frå kyrkjelyden til dei som fyller 80 år og kvart femte år etter det.

8.3. KYRKJEKONTAKTEN

Frå 2022 er alle sokna i Alver (pluss Modalen) med i felles kyrkjelydsblad. Bladet har 8 fellessider og 8 sider frå eige sokn. Bladet kjem ut med fire nummer i året. Inntekter er frivillige gaver og annonsar. Kyrkjekontakten gjekk med kr. 23.000 i underskot i 2024. Øystein Skaug var redaktør for fellesbladet. Lokal redaksjon er Håkon Glatved-Prahl, Arthur Kleiveland og Synnøve Bjørndal.

8.4. FJON FJELLKYRKJE

Styret i Fjon Fjellkyrkje har jobba med omorganisering for å verte registrert i Brønnøysundregistrene og Foreininga Fjon Fjellkyrkje og Ungdomssenter er oppretta. Sokna i prostiet er oppfordra til å melde seg inn i foreininga og Knarvik sokneråd har gjort vedtak om dette. Oppussingsprosjekt i 2024 har vore nye dusjrom i kjellaren.

9. KYRKJEBYGG OG ALVERSUND KYRKJELYDSHUS

9.1. SEIM KYRKJE

Årets vedlikehaldsprosjekt i Alver kyrkjelege fellesråd var Seim kyrkje med ei ramme på litt over 2 millionar.

Følgjande firma har utført arbeidet, etter anbodskonkurranse:

- Bygg Team Vest AS - alt tømrararbeid og restaurering av vindauga.
- Malermester Monsen AS - all maling, reparasjon av mur og vask av kyrkje, kyrkjetaket og gjerdet.
- Mur og Blikkforretning AS - nytt kobber på tårnet og nokre beslag.

9.2. ALVERSUND KYRKJE

Det er no 10 år sidan kyrkja vart måla på dugnad av bygdefolket. Særleg søre gavlen har vorte noko malingsliten og på dugnad i april vart denne skrapa og flikka. I samarbeid med Stiftinga for kyrkjelydshuset og fellesrådet fekk ein nytta lift som var til stor nytte. Fellesrådet stilte med maling. Vidare vart kyrkja vaska utvendig. Det er no om å gjera at Alver kommune yter nok midlar til vøla av kyrkjene slik at Alversund kyrkje vert sett i god stand til 150-årsjubileumet i 2029! Etter fellesrådet sin framdriftsplan skal denne vøla skje i 2027.

9.3. KLAVER ALVERSUND KYRKJE

Alversund kyrkje treng utskifting av det gamle pianoet. Ein komité med Helge Haugland og Kåre Jordal i spissen ønskjer å bytte ut pianoet med eit flygel og vil finansiere dette med gåveinntekter, innsamlingskonsertar og sponsorar. Flygelet vil ikkje bli kjøpt inn før pengane er på plass.



Eit flygel vil legge til rette for at kyrkja vert attraktiv for mindre konsertar. Det vil også vere ein viktig ressurs i gudstenester og kyrkjelege seremoniar.

Det er sendt søknad til biskopen via fellesrådet om følgjande endringar:

- Bytte ut noverande piano med eit nytt flygel. Komitéen har fått tilbod frå Bergen pianoforretning om eit godt instrument.
- Ta ut dei to første benkane på austsida for å få plass til flygel.
- Ta ut den første benken under preikestolen – for å få betre plass til lysgloben.

I februar 2025 kom det positivt svar frå biskopen på søknaden.

Pr. 31.12.24 står det kr. 75.200 på fond til klaver i Alversund kyrkje.

9.4. ALVERSUND KYRKJELYDSHUS

Alversund Kyrkjelydshus ynskjer å vere delaktig i formidling av «Den Glade Bodskap». Huset har hatt god etterspurnad i året. Men utan den entusiastiske Kyrkjeringen sin innsats ville drift og likviditet medført større utfordringar for stiftelsen.

Av aktivitetar kan nemnast; barnekor, speidaren, ymse gruppesamlingar, Fredagskafé, Kvardags-Gudsteneste med sosial samling etterpå, samt utleige til ulike samkomer og selskap.

I løpet av våren fekk veggjar i huset ny måling på utsida. I tillegg utført ymse vedlikehald. Ei stor(!) takk for den dugnadsinnsats som gjer det mogeleg å drive huset.

Takk også for godt samarbeid med Knarvik sokneråd og god hjelp frå kyrkjekontor.

Kyrkjeringen

Kyrkjeringen har møte ein gong i månaden og arbeider for å skaffa inntekt til drifta av kyrkjelydshuset vårt, laget har no 11 medlemmer.

Hovudaktivitetane er:

- Tilsyn med kyrkjelydshuset – kvar vår månad.
- Årleg dugnad med innvendig husvask om våren i samarbeid med stiftinga.
- Basar i februar til inntekt for huset har god oppslutnad frå bygda og gav ca kr. 80.000,- som resultat.

Elles har Kyrkjeringen deltatt med kyrkjekaffi på Alversunddagane.

10. ØKONOMI / UTLEIGE I KNARVIK KYRKJE OG KYRKJELJELLAREN

NY GIV – Fast gjevarteneste

Det siste det førre soknerådet gjorde, var å sette ned ein komité som skulle arbeide med gjevartenesta. Første oppgåve har vore å sørge for god, skriftleg kontakt med gjevarane. Trufaste gjevarar fortener takk og oppdatering.

Komitéen har arbeidd aktivt for å få fleire med på fast gjevarteneste. Den har følgt to spor: Forvaltning har vore løfta fram ved fleire gudstenester både skriftleg og munnleg. I tillegg har enkeltpersonar vore utfordra direkte. I løpet av året har tal på gjevarar auka frå 25 til 31. Det samla beløpet for gjevarteneste til kyrkjelydsarbeidet og til Knarvik kyrke er auka frå kr. 152.750 til kr. 203.712.

Det er ikkje enkelt å få med nye i ei fast gjevarteneste. Vi vender oss til medlemmar med varme hjarte og med mange aktive bidrag i kyrkjelydslivet. Men mange av desse har allereie bunde seg til gjevarteneste i frivillige organisasjonar.

I løpet av året har vi fått etablert ei ordning der ein kan melde seg til fast gjevarteneste via VIPPS. Det er også ordna slik at gåver på VIPPS, m.a. takkoffer på gudstenestene, kan registrerast for skaffefrådrag.

Rekneskap 2024

Rekneskap for 2024 er ikkje avslutta når årsmeldinga vert skrive.

Det var budsjettet med underskot på drift av soknerådet. Soknerådet hadde avtale om å dekke ein 20 % prosjektstilling som kyrkjelydspedagog frå 2023-2025. Grunna sjukemelding og oppseiing, har ikkje soknerådet hatt utgifter til denne stillinga i 2024. Det er heller ikkje planlagt å vidareføre denne stillinga i 2025. Det ligg ann til eit overskot på driftsrekneskapen til soknerådet.

Knarvik kyrkje - kyrkjekjellaren - renter/avdrag

Soknerådet har ansvar for å betale renter og avdrag på lånet.

	2022		2023		2024	
	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter
Avdrag		266 660		266 660		266 660
Renter		134 887		289 599		354 908
Refusjon vask -23						5 740
Husleige kontor	150 000		150 000		150 000	
Leigeinntekter konsertar	135 359		83 442		109 607	
Leigeinntekter kyrkjekjellaren	99 217		106 130		76 800	
SUM	384 576	401 547	339 572	556 259	336 407	627 308
Ta av fond	16 971		216 687		290 901	

Høge renteutgifter gjer at konsertar og leigeinntekter ikkje dekker utgiftene på lånet til kyrkjekjellaren.

Det ser ut til at overskot på drift av kyrkjelydsarbeidet og ekstraintekter til Knarvik kyrkje i samband med 10-årsfeiringa, vil gjere at ein totalt kjem ut i balanse. Soknerådet har sett ned eit økonomiutval som skal sjå på korleis ein kan auke inntektene til Knarvik kyrkje.

Soknerådet hadde eit ønskje om at auke i inntektene kunne finansiere ei styrking av trusopplæringsarbeidet med ei 20 % prosjektstilling. Det høge rentenivået gjer at det ikkje er rom for vidareføring av dette i 2025.

Budsjettet for 2025 går i balanse. Føresetnaden er auke i gåveinntekter, gjevarteneste og leigeinntekter.

11. Sluttord frå soknerådsleiaren

Vel overstått jubileumsår for Knarvik kyrkje! 10 års fartstid for både kyrkjebygg og kyrkjelydsfellesskap fekk si velfortente markering og feiring gjennom heile 2024. Gjennom alt som føregjekk vart mange betre kjende med kyrkja vår, og aktivitetane i Knarvik kyrkje vart synlege for heile kyrkjelyden og bygda vi høyrer til. Det er all grunn til å takke! Det var mange aktive hender, føter, hovud og hjarte som måtte til for å planlegge og gjennomføre alle dei små og store jubileumsarrangementa. Vi kan vere stolte og glade over at kyrkjelyden vår har stor og variert aktivitet, at vi er ein stor flokk med frivillige som gir av tid og krefter, og at vi har en stab som gir «alt» for å følge opp sine arbeidsoppgåver. Tusen takk! Jubelåret har gitt oss eit løft på mange måtar og inspirert til vidare satsing inn mot eit nytt tiår.

Soknerådet sitt ønske er at vi framover må få oppleve at kyrkja/kyrkjelyden vår vil blomstre, vekse og verte godt rotfesta.

Må Kristus ta bustad i hjarta dykkar ved trua og de stå rotfeste og grunnfeste i kjærleik.
Ef.3,17